

Det Kongelige kultur- og kirkedepartement  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Voss, den 15.juni 2008

### **Kommentarer til rapport om tradisjonelt håndverk:**

**”Kulturhåndverk – avtrykk fra fortiden, uttrykk for øyeblikket, grunnlag for  
framtiden” av Åse Vigdis Festervoll.**

Deres ref: 2006/03392 KU/KU2 SHA:mmt

Vi er glade for at Departementet tar alvorleg problemstillinga knytt til tradisjonelt håndverk og ikkje minst vidareformidling av kulturhåndverk i Noreg i dag. I gjennomgang av rapporten, kjenner vi oss igjen i mange av analysane til Festervoll, og kan i hovudsak støtte konklusjonane i rapporten. Ut frå vår eigen ståstad kan vi i tillegg bidra med våre erfaringar, spesielt innan utdanning og vidareføring av kunnskap, og næringsutvikling, men vi vil også kommentere dei andre punkt etterlyst i følgjebrevet til rapporten.

Vestnorsk kulturakademi (VKA) på Voss er eit regionalt kompetansesenter. VKA tilbyr kulturbasert næringsutvikling, og etter- og vidareutdanning på universitets- og høgskulenivå i samarbeid med Universitetet i Bergen og Høgskulen i Bergen, samt kurs i ulike handverks- og byggeteknikkar.

Den handlingsborne kunnskapen står sentralt i vårt arbeid. VKA har, sidan akademiet vart etablert i 1996, fokusert på verdien av å kombinere teoretisk undervisning med praktiske øvingar. Såleis, står vi midt opp i problemstillinga til ovannemnde rapporten.

### **Utdanning og vidareføring av kunnskap:**

Utdanning og vidareføring av kunnskap er hovudaktiviteten til Vestnorsk kulturakademi. Siden 1996 har VKA utvikla vekttalesgjevande studium i samarbeid med Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bergen. Studia skal likestille den praktiske, handlingsbore kunnskapen med den akademiske, teoretiske kunnskapen. Dette er gjort ved å ha ein fagansvarleg knytt til ein institusjon for høgare utdanning, supplert av gjesteforelesar som består av handverksutøvarar og kulturberarar.

Hjå VKA opplever vi eit veldig høgt fagleg nivå på studentane. Dei aller fleste studentane, eller kulturhandverkarar, er godt vaksne folk som tek eit studium som eit ledd i omskulering, gjerne med ynskje om å starte eiga verksemd knytte til sine kulturkunnskapar. **Vårt tilbod gjev dei ei ramme og tyngde for å kunne gå vidare med sine idear og planar**, og såleis er VKA i tråd med regjeringa sine mål om livslang læring. Vi har lagt merke til at det er spesielt viktig for mange kulturhandverkarar å få verdsett sine kunnskapar innafør eksisterande, målbare rammer - nemleg høgskule/universitetsutdanning.

### **Næringsutvikling:**

Etter mange års erfaring, har VKA utarbeidd eit eige studie spesifikt for kulturbasert grundere, i første omgang når det gjelder mattradisjonar. Faget heiter Mat-Entreprenørskap-Regional utvikling (MERU), der det forretningsmessige forhold er med ved sida av den praktiske kunnskapen.



## Vestnorsk kulturakademi

Kulturbasert næringsutvikling • Etter- og vidareutdanning

Studentane fordjupar seg innan sitt eiga interessefelt, både med praktisk og teoretisk undervisning, samtidig som dei får individuell oppfølging i utarbeiding av ein eigen forretningsplan.

Ein naturleg del av studiet er nettverksbygging, både studentane seg igjennom, men også med andre aktørar innan næringsliv og ikkje minst det offentlege støtteapparatet. Kulturhandverkarar som er studentar hjå VKA har påpeikt at nettopp det å komme i eit miljø med andre "kulturhandverksgrunderar" er noko som gjer stor utbytte. Vi ser mange muligheiter for å utvikle faget til andre kulturfelt, som t.d. tekstil og bygg.

### **Samordning og struktur:**

Festervoll kom med nokre anbefalingar om organisering, strukturering og koordinering av kulturhandverk, der det vart anbefalt eit sentralt organ som har ansvar for dette, nemleg Norsk handverksutvikling. Frå VKA si side meiner vi at det avgjerande vil vere at ei evt. sentral eining får eit reelt ansvar for dette på landsbasis og eit reelt mandat med midlar til rådvelde. Det er viktig at ei evt. koordineringseining har handlingskraft og midlar som kan disponerast regionalt og heilt lokalt.

Kulturhandverk er per definisjon lokalforankra og det er eit stort behov for tilbod i lokalmiljøet til dei enkelte handverkarar. Vi anbefalar på det sterkaste ein struktur med eit regionalt, distriktspreg og stiller gjerne Vestnorsk kulturakademi til disposisjon som ein samarbeidspart i vår region.

### **Områder med behov for strakstiltak for å unngå tap av kompetanse**

Vedlegg 3 til rapporten: Liste over små handverksfag med behov for tiltak på nordisk nivå, inneheld ein ganske omfattande oversikt over handverksfag i fare. VKA nemner spesielt:

**Tekstil** – eit område som lenge har vore vekke frå noko organisert utdanningsprogram. VKA har som følge av dette utarbeidd eit eige fagplan for to semesteremne innan Tekstilkultur. Det høge søkjertal tyder på at vi fyller eit behov i marknaden.

**Byggeskikk** – er eit anna område der ein del teknikk blir vekke med dei få kulturbærarane som er igjen. Grindbygg er eit eksempel som VKA har arbeidd mykje for å få i søkjelyset dei siste 5-6 år, til stort hell. Men andre teknikkar som t.d. treskjering, vise lafteteknikker, osv. står også i fare.

**Interiør** – Tapet, maling, tekstilbruk, ol i interiørbruk i ein kulturhistorisk samanheng er det lite kunnskap om. Dette er av interesse for vern og restaurering av hus i privat og museumssamanheng.

**Mat** – å bearbeide, konservere og preparere mat på tradisjonelt vis er også ein viktig kulturkunnskap. Mange tradisjonelle teknikkar utarbeidd før kjøleskap, fryser og industriproduserte konserveringsmidlar var utvikla er i stor fare for å gå tapt dersom desse kunnskapane ikkje blir ført vidare.

### **Vurdering av balanse mellom vernetiltak og vidareutvikling av tradisjonar**

Etter vår erfaring som eit senter for utdanning og kulturbasert næringsutvikling, ligg spørsmålet om balansen mellom vern og vidareutvikling alltid i luften. Det er ein naturleg, viktig og spanande diskusjonspunkt i alle emne vi tilbyr. Vi tek standpunktet at det er viktig å lære seg de grunnleggjande kulturtradisjonane/-teknikkane og ha dei med som ein solid forankring i ein vidareutvikling. Dette er også avgjerande for å bera ein kulturtradisjon vidare.

## Hvordan fungerer eksisterende statlige bevilgninger til feltet?

Vestnorsk kulturakademi ligger ikkje inne i noko sentralt driftsbudsjett. Derfor må tilbod til kulturhandverkarar vere sjølvfinansierande, noko som er svært vanskeleg å få til. Det er høge kostnader knytt til undervisningskrefter og –materialar, og eit relativt snevert marknad å henvende seg til.

Vi opplever stadig det som er omtalt i rapporten, nemleg å falle mellom to stoler når det gjelder finansiering og støtte til det vi driver med. Våre tilbod kjem under klassifisering etter- og vidareutdanning, og må difor vere 100% sjølvfinansiert. Utan støtte til drift, krev dette høge avgifter for studentane og eit høgt antal studentar for å kunne setje i gang med eit studium. Men, som påpeikt i rapporten, på mange fagfelt er det eit avgrensa antal utøvarar som faget er relevant for. Kostnadene vert desto dyrare for de enkelte studentane, noko som gjer rekrutteringa endå meir utfordrande.

VKA som institusjon prøver å halde kostnadene nede for å halde studieavgiftene nede. Vi søker støtte frå offentlege kjelder, t.d. Fylkeskommunen og Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdeling, og Innovasjon Norge. Desse aktørane har vist seg villige å vere med å støtte einskilde prosjekt særleg knytte opp til næringsutvikling. Men prosjektfinansiering har sine klare ulemper sett frå institusjonens ståstad. Det å drive ein institusjon på prosjektbasis er både ressurskrevjande og gjev liten forutsigbarheit. I tillegg, forsvinn mesteparten av den oppbygde kompetansen frå organisasjonen når prosjektleiar sitt engasjement er ferdig. Vi saknar stabiliteten og mulighetene for vekst ein solid driftsstøtte kunne gje.

Folkekulturforbundet (FOLK) er den paraplyorganisasjonen som skal fordele statlege midlar til kurs og utdanningstiltak innan kultur. VKA har eit basis samarbeid med FOLK og får utbetalt midlar for undervisningstimar med lærer (sats ca. kr. 60 per time). Støtten kjem godt med, men er ikkje i nærleiken av å dekke det reelle behov for våre tilbod, nemleg undervisning på høgare nivå, som har vesentleg høgare kostnader.

## Konklusjon

Som rapporten til Festervoll påpeikar, er det eit klart behov for å ta vare på kulturhandverk, utdanning og vidareformidling av kulturhandverk, og næringsutvikling innafør kulturhandverk.

VKA støtter de analysane og konklusjonane uttrykt i rapporten. Vestnorsk kulturakademi er eit etablert senter for kulturbasert næringsutvikling og utdanning på Vestlandet og vi vil gjerne vere med i prosessen vidare. Vi ser også fram til å komme i dialog med andre aktørar og departementet.

Med venleg helsing

Sissel Mugås Bjørkhaug  
Dagleg leiar

Tanya Gilbakken  
Administrativ leiar